

Kjære fyrstegongsvelgjar



venstre

- ✓ No er det kommuneval igjen. Det er fire år sidan sist, og du som fyrstegongsvelgjar skal for fyrste gong vere med og velje inn dei 25 representantane som skal sitte i Bø kommunestyre. Me i Bø Venstre håpar sjølvsgagt at du tar lista vår og stemmer på oss, men viktigare er det at du faktisk stemmer. Demokratiet vårt er avhengig av det. For fire år sidan prøvde terroristen Anders Bering Breivik å rive ned demokratiet vårt. Det klarte han ikkje, og den frie stemmeretten er fundamentet i det demokratiske samfunnet vårt.
- ✓ **Me håpar på ei rekordhøg valdeltaking. Det vil vere eit klart svar til dei som prøver å rive ned dei verdiane heile samfunnet vårt byggjer på.**
- ✓ Å drive eit samfunn er ein stor dugnadsjobb. At det er nokon som vel å stå fram og seie at dei ønskjer å gjere ein jobb for fellesskapet i lokalpolitikken er flott. Mange fritidspolitikarar brukar mykje tid og legg ned ein stor innsats. Ofte er det vanskelege val og avgjersler som må takast. For dei politiske partia er det viktig at det er motiverte og flinke folk som er villige til å stå på liste.
- ✓ I Bø Venstre er vi veldig stolte av lista vår. Der finn du personar som har eit stort engasjement for bygda vår, og som har sagt klart "Ja!" på førespurnaden om å gjere ein jobb i kommunepolitikken. Som du kanskje veit, gjorde Bø Venstre eit veldig godt val for fire år sidan. Vi fekk 37 % av stemmene og blei det største partiet i Bø. Med det fekk vi ordføraren og mange personar i sentrale posisjonar. Dei fleste av desse står også på årets liste, men i tillegg har me fått med oss fleire yngre folk.
- ✓ På lista vår har vi menneske som i mange år har vore engasjerte i å gjere Bø til eit flott stad å bu. Her er folk som har jobba og jobbar med å skape gode miljø for barn og unge, blant anna i kultur, idrett og mange frivillige organisasjonar. Nå ønskjer dei ein plass i det politiske miljøet for å vere med på å bestemme kva som skal skje i Bø framover.
- ✓ I programmet vårt vil du kunne lese om kva me vil arbeide for i kommunestyret. Vedlagt dette brevet finn kortversjonen av programmet vårt. Vil du ha det fullstendige programmet, sjå nettsida, facebook eller ta kontakt.
- ✓ På nettsida vår (<http://www.venstre.no/telemark/boitelemark>) finn du ein link til programmet vårt og mykje anna informasjon om kva Venstre står for.
- ✓ Listekandidatane våre ber om tillit frå deg, slik at dei kan få ein plass i kommunestyret og gjere ein jobb for alle i Bø.

Viss du lurar på noko, eller bare vil ta ein prat, ta kontakt med meg eller andre på lista når som helst:

E-post: olav.kasland@bo.kommune.no

Mobil: 99599483

Facebook: Olav Kasland

Godt val frå Olav Kasland

Ordførar i Bø

BRUK STEMMERETTEN DIN!

**«Hugs å førehandstemme
om du er bortreist på
valdagen!»**